

## REKNESKAP 2006

Torsdag 15 februar rapporterte Volda kommune rekneskapsdata for 2006 til Statistisk sentralbyrå. Søre Sunnmøre kommunerevisjon skal i vekene framover revidere rekneskapen. Tala kan bli endra som følgje av dette arbeidet. Kommunestyret skal handsame rekneskapen i juni månad.

	Rekneskap 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2005
Sum inntekter	383 993 563	360 996 124	354 539 845
Sum utgifter	380 682 445	366 269 947	363 232 382
<b>Brutto driftsresultat (*)</b>	<b>3 311 118</b>	<b>(5 273 823)</b>	<b>(8 692 537)</b>
Netto finansutgifter	10 444 113	20 678 500	9 579 543
Motpost avskrivningar (inntekt)	19 273 403	21 279 300	20 974 475
<b>Netto driftsresultat (*)</b>	<b>12 140 408</b>	<b>(4 673 023)</b>	<b>2 702 395</b>
Netto avsetning til fond(**)	954 588	(4 673 023)	1 806 868
<b>Overskott</b>	<b>11 185 820</b>	<b>0</b>	<b>895 527</b>

(\*) = Tal i parentes indikerer negative tal

(\*\*) = Tal i parentes indikerer netto bruk av fond

Tabellen ovanfor viser at vi har eit brutto driftsresultat på litt over 3 mill kroner, og er ei forbetring på ca 8,6 mill kr i høve til budsjettert netto driftsresultat for 2006.

Hovudforklaringa til det er auke i dei frie inntektene (skatteinntekter og rammetilskott) på ca 6,75 mill kr, samt dei generelle statstilskotta på ca 1,25 mill kr.

Netto finansutgifter er ca 10.2 mill lågare enn budsjettert, og er med på å bidra til eit netto driftsresultat på kr 12.140.408. Dette er 3,16% av brutto driftsinntekter. Tilsvarende tal for 2005 var 0,8%. Fylkesmannen tilrår at netto resultatgrad bør vere 3-5%, blant anna for å ha noko eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for (auka renter, nedgang på børsen, dyrare lønsoppgjer enn kva som var føresetnaden etc.).

Det er bra å kunne vise til eit overskott på kr 11.185.820 (talet kan endre seg, jmf første avsnitt). Men vi har framleis veldig tronge økonomiske rammer. Lånegjelda til Volda kommune er på over 511 mill kr pr 31.12.2006 (inkludert formidlingslån), og vil auke med godt over 30 mill kr i 2007. Med ei stadig aukande rente, så er dette ei veldig stor utfordring.

Årsmeldinga for 2006 (vert handsama samstundes med rekneskapen) vil innehalde ei meir grundig analyse av den økonomiske situasjonen for Volda kommune.